
Vår referanse 2021/51145-3
Dato 11.11.2021

KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Revidert løyve til dispensasjon frå byggegrense - fv. 500 - gnr. 138 bnr. 113 - Herøysundvegen - Kvinnherad kommune

Vi viser til søknad av 04.10.2021.

Saka gjeld

Søknad om dispensasjon frå byggegrense mot fylkesveg 500 for tiltak på gnr. 138 bnr. 113 i Kvinnherad kommune. Formålet er å bygge eit nybygg med garasje på eigendomen.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 500 for å oppføre nybygg med garasje på gnr. 138 bnr. 113 i Kvinnherad kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 29.09.2021.
2. Avstanden frå bygninga (inkludert takutspring) til senterlina på 500 skal vera minst 28,5 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Bygninga må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 500.
7. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Me i Vestland fylkeskommune, ved avdeling for infrastruktur og veg, har ikkje noko merknad til at det vert bygd tiltak på gnr. 138 bnr. 113 i Kvinnherad kommune.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Ann Kristin Nes
leiar

Hans Sveindal Rosfjord
spesialkonsulent

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift